

MARDØLA-AKSJONEN 1970

MRNV - Bjørn Magne Øverås

Mardalsfossen pryder MRNV sine brevark. Utbygginga var eit nasjonalt vendepunkt i naturvernarbeidet. I dag er saka igjen aktuell, og stortingsrepresentantar som var med i 1970, vil i dag ha saka opp til ny behandling.

SIVIL ULYDNAD

Då anleggsmaskinene i Sandgrovbotn i Eikesdalsfjella starta opp morgonen mandag 27. juli 1970, var vegtraseen innover mot Mardalsvatn blokkert. Femten telt stod i vegen. Omlag 40 menneske, naturvern-aktivister fra Oslo, Hemsedal, Lillehammer, Eidsvoll, Molde og Åndalsnes, saman med småbrukarar frå Eikesdal og Eresfjord, hadde slått leir mellom stein, lav og lyng i reguleringsområdet for Grytten kraftverk. Formålet var å stoppe arbeidet og gjennom sivil ulydnad å rette merksemda mot natur- og miljøvernproblematikken generelt og mot Eikesdal/Grytten-reguleringa spesielt. Om muleg ville ein freiste å få reguleringsavgjerda opp til revurdering og endring.

"Vi protesterer mot overføring av Mardøla og Bruå mot Romsdalen, - mot at anleggsarbeidet føres fram så raskt at rettsaken fra Eikesdal og Eresfjord blir illusorisk, - mot den distriktpolitikk som er slik at utkanbygder må ty til vannkraftanlegg for å hindre avfolkning, - anlegg som er ødeleggende for deres natur, fiske og jordbruk, - mot ødeleggelse av jordbruk og fiske i Eresfjord. Vi går inn for at Mardøla og Bruå fortsatt skal renne mot Eikesdal, og for at først og fremst folket i de skadelidende bygder må bli hørt før storstilte naturingrep settes i verk, inngrep som en ikke kjenner de fulle konsekvenser av."

Den første morgonen vende bulldozarane kjevane andre vegen og trekte seg attende. Seinare kom dei tilbake. I mellomtida vaks avisoverskriftene, og også andre massemeldia retta auga mot naturvern - leiren i Eikesdalsfjella sine 5000 år gamle

beitemarker. "Mardøla" og reguleringssaka - og miljøvern i det heile - kom på folkemunne. Politikarane var det verre å få i tale. Og etter 5 veker var fjellet på ny fullt ut overlatt Vassdragsvesenet. Likevel hadde tilhøva endra seg: Situasjonen er ikkje fullt og heilt den same no som før teltleiren i Sandgrovbotn i Eikesdalsfjella.

(snm)

Dette er henta frå "Mardøla; dokumentasjon og perspektiv" (kvitboka), utgjeve av (snm) i 1971. Initiativet til Mardøla-aksjonen vart teke av Samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern, forkorta (snm), ein tverrfaglig og tverrpolitisk, laust strukturert organisasjon av arbeidsgrupper.

NORDEUROPAS HØGSTE FOSSEFALL

Det var Stortingsvedtaket av 18. juni 1970 som var bakgrunnen for Mardøla-aksjonen. Med 88 mot 41 stemmer vart det vedtak om å bygge ut, les overføre, Mardalsfossen til Romsdal med kraftstasjon i Grytten. Ein foss som var Nordeuropas høgste frie fossefall, 297 m, eller samla 655 meter fordelt på dei to svert så karakteristiske fossefalla som stuper seg utfor fjellkanten og ned i Mardalen ved Eikesdal.

Mardølaaksjonen var eit siste forsøk mot Stortinget sine mektige industri-interesser og prestisjesterke ekspertise. Dette etter at forsøk på kommunikasjon via lovlege kanalar viste seg nyttelaus. Argumenta nådde ikkje fram.

Aksjonen starta laurdag den 25. juli 1970 med tilsama 9 menneske i leiren, men som allereie då hadde 11 telt. Samtlege telt var plassert midt i den planlagte vegtraseen i Sandgrovbotn innover mot Mardalsvatn. Bygdefolket i Eikesdal og Eresfjord stod trufas bak aksjonen i alle dei 5 vekene demonstrasjon varte. På det meste var det 200 personar med.

Mardøla-aksjonen skulle vise seg å bli langt meir dramatisk enn den i førstninga såg ut til å bli. Allereie mandag morgen, den 27. juli, er det 40 deltagarar i leiren då anleggsmaskinene startar opp. Dei køyrrer heilt fram til teltleiren, -- men snur.

POLITI OG SINTE ROMSDALINGER

Det heile er dermed i gong. Pressemeldingar blir skreve og utsendt. Det er stor interesse og mediedekning. Politiet blir innkopla og fredag 31. juli får leiren besøk av lensmannen frå Rauma og frå Nesset. Dei har med seg ei anmelding frå NVE mot teltleiren i Sandgrovbotn. Straffeloven kring ulovleg teltslagning og hindring av arbeid i tråd med Stortingsvedtak blir lese opp. I påfølgjande dagar blir det etter kvart amper og tilspissa stemning. Aksjonen veks i tal deltagarar. I løpet av helga 1. og 2. august er det samla heile 160 deltagarar i leiren. Konfrontasjon med politiet blir førebudd gjennom dei mange allmøtene i leiren. Begrepet sivil ulydnad oppstår. Ei form for nødrett, men der det blir presisert at aksjonen fullt og heilt skal vere ikkje-valdeleg. Lenke-gjengen blir etablert. Ei symbolisk handling der deltagarane lenkar seg seg fast til fjellet og dermed vanskelegjer rydding av leiren. Også ei arrestantgruppe på 15 personar blir peika ut. Nemleg slike som er villig til å la seg arrestere. I tillegg blir ei reservegruppe og ei såkalla plasmagruppe oppretta. Sistnemte gjeld personar som har god tid og er villig til å halde ut med aksjonen i lengre tid - om nødvendig. Ein strategi for å lure politiet blir lagt. Gjennom minst ein falsk alarm, der ei stasjonvogn blir tatt som politibil, dukkar så det verkelege politiet opp. Men ikkje før 6. august. Straffelova blir på nytt lese opp; Med bøter og fengsel inntil 3 månader straffes den, som ... osb. Ein MOTAKSJON med deltagarar frå Rauma dukkar så plutselig opp. Desse er i harnisk og er villig til å bruke rå makt for å få fjerna aksjonistane i leiren. Plakatar fortel at Romsdal er for Romsdalingar " og "Hippies, dra hjem". Ein frist på 2 timer for å fjerne seg blir gjeve, - hvis ikkje kan kva som helst skje. Stemminga er ophissa

og heilt på bristepunktet. Aksjonen tør ikkje anna enn å flytte leiren. Men berre midlertidig. Den blir flytta attende til vegtraseen etter at MOTAKSJONEN har forlatt området. Men no med forsterkningar av bygdefolket i Eikesdal og Eresfjord. Da gane går med brev og telegram til både justisminister, fylkesmann og alle dei andre impliserte i denne omfattande saka. Folkemøte blir også halde i Eresfjord. Regjeringa lover møte med bygdefolket. Det blir forhandla intenst for kvar dag som går. Teltleiren i Sandgrovbotn held framleis fram. Ikkje før den 27. august kjem 25 spesialtrena politifolkfrå UP i tillegg til andre polititene temenn lokalt, alle med epaletter og i full mundur. Tilsaman er det ei mobilisering på 50 politimenn mot dei 9 leirbuaranane som enda held ut i fjellet. Walkie-talkie-setta til politistyrken knitrar i tåka grytidleg om morgonen den 27. august. Kort tid etter blir naturvernfolket i vegtraseen bært vekk. Delar av pressa er tilstades og sikrar seg biletmotiv. Blant anna at professor Arne Næss blir løfta vekk av politiet. Sigmund Kvaløy klarar å lure seg bak politimuren og inntar på nytt plass i vegtraseen. Uniformskledde sterke menn løftar han på nytt vekk. Nye forsøk vart møtt av ein solid mur av politifolk som omhyggeleg, men varsomt dyttar han på plass. Dermed er vegtraseen rydda. Tilbake er fjellvidda og bulldozarane. På Sunndalsøra aluminiumsverket. I Oslo Vassdragsvesenet og teknokratiet.

